

Meland kommune
Plan, utbygging og kommunalteknikk
v/Skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen

postmottak@meland.kommune.no
marius.knudsen@meland.kommune.no



Alsaker Fjordbruk AS
5694 ONARHEIM
Telefon : 53 43 01 09
Telefax : 53 43 01 01
Dir. tlf. : 53 43 01 09
Mobil : 99 21 01 09
Org. nr. : 979 494 009
www.alsaker.no

Dykkar ref. : Marius Flemmen Knudsen

Vår ref. : Ove Gjerde

Dato : 28.01.2015

Salar Bruk AS Søknad om skadeløve/fellingsløve på stokkender

Bakgrunn

Me er for tida belasta med eit stort tall med m.a. stokkender på settefiskanlegget. Det er særleg etter at avløpskummen vart stengt med småmaska nôt, at eit utval av endene no har funne ut at dei kan sleppa seg gjennom fuglenetta på nokre av fiskekara og «stela/knabba» fiskefôr.

Me er uroa over denne «nye» aktiviteten, som nokre av endene har vorte spesialistar på. Denne aktiviteten kan utgjera ein potensiell smitterisiko, samstundes som at fisken vert unødige stressa.

Førebyggjande tiltak

Etterkvart som utfordringa har auka, har me brukt ressursar på førebyggjande tiltak (fuglenett), samt at me så langt det er mogleg, også prøver å skremma fuglane vekk frå området/kara. Me er også observante for eventuelle ekstra uønskete hol i fuglenetta, slik at desse vert reparert omgåande.

Me har tidlegare hatt utfordringar med hegre, der kommunen gav skadeløve og me felte nokre fuglar. P.t. så har me ikkje utfordringar med desse fuglane.

Ovannemnde tiltak har synt å vera til lite nytte. Bestanden av stokkender er periodisk så pass stor, at det no må gjerast ekstra tiltak for å minisera ulempene ved å «ta ut» nokre av fuglane som har spesialesert seg på *denne type manøvrering*.

Søknad om fellingsløve/skadeløve

Med ovannemnde som utgangspunkt, søker me i denne omgang om fellingsløve av 10 stk. stokkender, som har spesialisert seg på denne aktiviteten på lokaliteten vår, jamfør *Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon*.

Turvande jegerprøve og våpen innehar tiltakshavar.

Me vil laga rapport frå hendinga, samt at me alt no signaliserer om ytterlegar søknad om skadeløve, dersom situasjonen ikkje betrar seg.

Vonar på ei rask og positiv attendemelding frå Dykk.

Vensam helsing
Alsaker Fjordbruk AS/Salar Bruk AS

Ove Gjerde
Samfunnskontakt
ove.gjerde@fjordbruk.no

Alsaker AS
Alsaker Fjordbruk AS
Bjølve Bruk AS
Bolstad Bruk AS
Fjelberg Fjordbruk AS
Fjon Bruk AS
Fjordbruk Service AS
Nordsjø Fjordbruk AS
Onarheim Bruk AS
Rogaland Fjordbruk AS
Røvær Fjordbruk AS
Salar Bruk AS
Sunnhordland Fjordbruk AS
Toftøy Fjordbruk AS
Tveit Brygge AS
Tysnes Fjordbruk AS
Viking Fjord AS
Ølve Bruk AS
Åmøy Fjordbruk AS

Kopi: Salar Bruk Jorn.Fanavoll@fjordbruk.no og Knut.Adlandsvik@fjordbruk.no